

RAPPORT

M-913 | 2017

Årsrapport for 2017 fra SNO til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen



Innhold

1. Kjerneoppgaver (kontroll, tilsyn, informasjon, mv)	4
1.1 Motorferdsel.....	4
1.1.1 Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet	4
1.1.2 Kort om aktiviteten	5
1.1.3 Resultater/reaksjoner	5
1.1.4 Utviklingstrekk/utfordringer	5
1.1.5 Anbefalte oppfølgingspunkter neste år.....	5
1.2 Villrein	5
1.3 Forsøpling, ureining og terrenghslitasje	6
1.3.1 Kort om aktiviteten.....	6
1.4 Informasjon.....	7
1.4.1 Kort om aktiviteten	7
1.4.2 Utviklingstrekk og utfordringar	8
1.4.3 Anbefalte oppfølgingspunkt neste år	8
2. Bestillingsoppgaver.....	8
Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet	8
2.1 Ferdselsteljarar.....	9
2.1.1 Kort om aktiviteten	9
2.1.2 Resultat	9
2.1.3 Utviklingstrekk og utfordringar	9
2.1.1 Anbefalte oppfølgingspunkt neste år	10
2.2 Stitiltak	10
2.2.1 Kort om aktiviteten	10
2.2.2 Resultat	10
2.2.3 Utviklingstrekk og utfordringar	11
2.2.4 Anbefalte oppfølgingspunkt neste år	11
2.3 Skjøtsel.....	11
2.3.1 Kort om aktiviteten	11
2.3.2 Resultat	12
2.3.3 Utviklingstrekk og utfordringar	13
2.3.4 Anbefalte oppfølgingspunkt neste år	13
Vedlegg 1.....	14
Vedlegg 2.....	15
Vedlegg 3.....	16

Framsidaefoto: Gjendeområdet sett frå Gjendetunga som viser skjøtselsområdet ved Gjendebu og Besseggen i aust

SNO lokalt: Rigmor Solem, med kontor i Vang og feltkontor ved Utladalen Naturhus i Årdal

I tillegg er det kjøpt tjenester av: Lom fjellstyre, Vågå fjellstyre, Årdal fjellstyre, Luster Austre fjellstyre, Stiftinga Utladalen Naturhus, Storådalen beitelas og Thomas Aslaksby (geit på beite ved Gjendebu)



Storådalen beitelas ved Gjendebu under slåttehelga i august

1. Kjerneoppgaver (kontroll, tilsyn, informasjon, mv)

Kort orientering i henhold til faktisk aktivitet og bestillingsdialogen:

Oppsyn i felt: 1052 timer (eksl timer skjøtsel og tiltak)

Informerte i felt: 265 personar

Kontrollerte: 5

Advarslar: 5

Rapport til nasjonalparkstyret: 1

Anmeldelse til politiet: 1

Aktiviteten gjennom året vart elles presentert for Fagleg rådgjevande utval ved det årlege møtet på Sognefjellet 18. september og for Nasjonalparkstyret ved styremøte/bestillingsdialogmøte i Vang 27. november. Bestilte tiltak blir elles rapportert i verneområdeloggen. Registreringar når det gjeld fauna unnateke villrein blir rapportert inn i artsobs.

Aktivitet mht rovvilt rapporteres gjennom rovbasen og er ikkje med i denne rapporten.

1.1 Motorferdsel

Den lovlege motorferdselbruken i samband med drift av turisthyttene, båttrafikken på Gjende, beitebruk, vedhogst, tilsyn med kraftanlegg, bre-og snømålingar, Røde Kors/Hjelpekorps, forskning, oppsyn m. fl må seiast å vere stor i Jotunheimen og Utladalen. Det nye er bruken av drone til ulike typar filming, og ønske om å filme i Jotunheimen har det siste året vore særleg stor. Mange av desse aktørane er enno ikkje klar over at bruk av drone er forbode i nasjonalparken og landskapsvernområde, og at dei må søke om løyve. Oppsynet har fått fleire meldingar frå folk om det dei meiner er ulovleg dronefilming.

1.1.1 Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet

Fortsatt styrking av innsatsen av oppsyn og kontroll av motorferdsel i utmark. Med særleg forventningar til snøskuterkontroll. Innføring av ny ordning med overtredelsesgebyr etter motorferdselloven gjeld ikkje overtredelse av Naturmangfaldloven (NML).

1.1.2 Kort om aktiviteten

Motorferdselkontroll blir utført i samband med anna tilsyn og registrering gjennom året. I tillegg er det gjennomført fellesaksjonar nokre helger i april- mai både innafør og utafor verneområda, med vekt på snøskuterkontroll i den sørlege delen. Alle som har dispensasjon har varslingsplikt til SNO, og dette fungerer for dei fleste betre enn tidlegare.

1.1.3 Resultater/reaksjoner

Innafør verneområda er det anmeldt eitt tilfelle av ulovleg landing med sjøfly på Gjende ved Gjendebu i august. Piloten fekk ei bot på kr 20000. Bota er vedteken.

1.1.4 Utviklingstrekk/utfordringer

Bruken av droner, spesielt i området i og ikring Hurrungane der villreinen beiter delar av året, vil vere ei utfordring.

1.1.5 Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Tydelege vilkår i dispensasjonane er ein forutsetnad for å kunne utføre god kontroll med motorferdsla. Større fokus på motorferdsel i sårbare område og sårbare tider på året.

1.2 Villrein

SNO har eit spesielt fokus på villreinstamma i Vest-Jotunheimen. Stammen er liten og sårbar. Etter mange år med jaktfreding etter ein nedgang i stamma i 2006 - 2009 vart det i 2014 opna opp for jakt att. I 2016 vart det på nyt registrert ein nedgang og det har ikkje vore ordinær jakt dei siste par åra. Tidleg på vinteren i år var det mykje mildvær høgt til fjells med påfølgande kuldeperiodar. Dette førte til omfattande nedising av lavbeitene og vanskeleg mattilgang for reinen. Truleg var dei problematiske beiteforholda delar av vinteren ein av grunnane til at det vart fødd få kalvar i mai. Berre 10 kalvar er registrert i sommar mot 85 året før. Seint på hausten vart heile stammen talt til rundt 300, med ein noko for stor andel vaksen bukk. Ingen teikn til sjuke eller skadde rein i flokken. SNO eit ansvar i oppfølging av døde eller sjuke villrein med omsyn til CWD.

1.2.1 Kort om aktiviteten

Oppsyn i samband med store arrangement i området rundt Turtagrø, tidleg brøyting av Tindevegen og utfarten utpå vårvinteren vert prioritert.

1.2.2 Resultat /reaksjonar

I samarbeid med ulike aktørar, m.a. Turtagrø Hotel og Fri Flyt vart det informert om dei spesielle isforholda for å gjere skifolket merksam på at dei burde ta spesielle omsyn. Det såg ut til å fungere.

1.2.3 Utviklingstrekk / utfordringar

Som det er sagt tidlegare år kan brøytinga av Sognefjellsvegen og «Tindevegen» i månadsskiftet april/mai vere ei utfordring for reinstrekket mellom halvøya og områda austafør. Meterhøge brøyttekantar vert ei fysisk sperre som hindrar reinstrekket. For å lette passering av desse vegane er det avtale mellom villreinutvalet og Statens Vegvesen og Tindevegen om nedhøvling av brøyttekantane på enkelte punkt. Dette vart gjort for seint i år og var ikkje utført før "High Camp Turtagrø" i månadsskiftet april/mai. Viktig at dette blir gjort samtidig som vegane blir brøyta.

Tinderittet ned Dyrhaugsryggen har fått løyve til å arrangere rennet 1. Påskedag i staden for tidlegare først i mai. Det vil vere 1. april neste år, om lag den tida på vinteren fostringsflokken trekker utover mot halvøya. Sjølv om påsketrafikken normalt er stor, blir den nok ikkje mindre av at eit stort arrangement blir lagt til påskehelga.

1.2.4 Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Tilsyn i dei sårbare periodane.

1.3 Forsøpling, ureining og terrengslitasje

I enkelte område i Jotunheimen og Utladalen er det stor ferdsel med fleire tital tusen brukarar i sommarhalvåret. Trass i dette er det lite søppel og anna avfall å sjå. Mest finn ein på mykje bruks raste- og leirplassar som t.d. på ruta mellom Juvflya og Galdhøpiggen. I sommar var det tilsett ein eigen Besseggen guide som patruljerte stien eit par dagar i veka. Dette var eit tiltak finansiert av turistbedriftene ved Gjende. Guiden hadde også som oppgåve å plukke søppel langs ruta, og dette avlasta oss i oppsynet.

Dei seinare åra har det dukka opp fleire villvardar der folk rastar ved turstiar og oppe på fjelltoppar. Dette utgjer små terrengrinningsgrep og i tillegg kan dei verke villledande i forhold til eksistreande vardar som er bygd for å markere stien eller topunktet. Det nye dei siste par åra er tagging på stein ved bruk av spraymåling. Dette verkar særskjedende og kan vere vanskeleg å fjerne.

1.3.1 Kort om aktivitetene

Oppsynet sjekkar årleg mykje bruks raste- og leirplassar, og ryddar opp om det trengs. Dersom det ligg avfall ved campingplassane ved turisthyttene, blir dette teke opp med vertskapet.

1.3.2 Resultat / reaksjonar

Ved eit høve i sommar vart det gjeve ein advarsler til ei større gruppe på 30- 40 personar som låg i fire døgn i ein lavvoeir mellom Veslåa og Storåa ved Gjendebu. Dei fekk pålegg om å ta kontakt med grunneigar (Statskog/Lom fjellstyre) dersom dei seinare ville ligge meir enn 2 dagar og elles fekk dei pålegg om å rydde godt opp etter seg.

I august fekk vi melding om tagging ved bruk av spraymåling av store steinar oppe på toppen av Besshø. Oppsynet reiste opp eit par dagar etterpå og snudde steinane da det var vanskeleg å få fjerna taggina med målingsfjernar.



1.3.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Dei siste åra har ferdselet auka på dei mest kjente og populære turistmåla i Jotunheimen. Villvardar og tagging ser ut til å vere ein ny trend. Auke i ferdselet set meir spor etter seg i terrenget og nedbørsrike somrar aukar erosjonen.

1.3.4 Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Følge spesielt godt med på utviklinga ved dei mest populære turistmåla som t.d. stiane opp mot Galdhøpiggen, Bukkelægret, Glittertind og Knutshø.

1.4 Informasjon

Tilsyn med grensemerker, verneområdeskilt og informasjonstavler blir gjennomført i samband med anna tilsyn. Årleg blir ein del verneområdeskilt skifta ut. Manglar og slitasje ved dei mange informasjonstavlene blir meldt frå til forvaltningen, og fornya der det trengs.

1.4.1 Kort om aktiviteten

Det er registrert lite hærverk på verneområdeskilt, og det tydar på at vernegrensene blir respekterte. Noko slitasje er det grunna værforholda, og skilt blir skifta ut med jamne mellomrom.

Informasjon i felt til brukarar av områda er ei prioritert oppgåve, og i tillegg deltek oppsynet ved nokre arrangement når vi har tid og der det er viktig å nå enkelte målgrupper, t.d. barn og unge. T.d er vi i oppsynet ein dag ved Gjendebu i august i samband med undervisning av realfagstudentar frå NMBU.



1.4.2 Utviklingstrekk og utfordringar

Harde klimatiske forhold gjer at skilt og informasjonstavler må skiftast ut eller vølast ofte.

1.4.3 Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Fjerne den gamle informasjonstavla ved Koldedøla og oppe på Sognefjellet. Skifte ut plakatane på tavlene ved Uradøla i Koldedalen, ved Hjelle og ved bryggene ved Gjendebu og Memurubu.

Vidarefør Barnas naturoppsyn for skulane i Øvre Årdal og Skjolden.

2. Bestillingsoppgaver

Føringer fra KLD eller Miljødirektoratet

- Tiltak knytt til besøksforvaltning og merkevarestrategi, samt pågående skjøtselstiltak forankra i plan, skal prioriteres. Graden av andre oppdrag SNO kan påta seg vil avgrensast av kapasitet og andre prioriteringar.
- Kjerneoppgåver innan kontroll- og tilsyn skal prioriteres framføre bestillingar frå verneområdstyra på tiltak viss det oppstår kapasitetsutfordringar og ein må velje mellom opptåver.

Kort orientering i henhold til faktisk aktivitet og bestillingsdialogen:

Skjøtsel og tiltak: 1852 timer (eksl timer utført av sherpaer i samband med stiarbeid)

2.1 Ferdselsteljarar

Dei tre siste åra har SNO på bestilling frå Nasjonalparkstyret bruka ECO counter ferdselsteljarar av typen trakkmattar oppe på Sognefjellet og ved Gjende.

2.1.1 Kort om aktiviteten

I år var det i bruk ein teljar oppe på Sognefjellet i stien ved riksvegen, og to teljarar i Besseggenstien ovanfor Gjendesheim. Den øvste var plassert like nedanfor Vesleløyfti og fanga nok opp dei fleste som går Besseggenstien, begge vegar. Den nedste fanga også opp dei som går til/frå Glitterheim og dei som berre tek seg ein kort tur opp i lia.

2.1.2 Resultat

Alle tre teljarane var i drift frå 1. juni - 10. oktober (slutt haustferie).

Sognefjellet: Totaltal: 8561, dagleg gj.sn: 68, månadleg gj.sn: 2085

Retning: 52% inn og 48% ut.

Sjå vedlegg 1.

Gjendesheim: Totaltal: 59838, dagleg gj.sn: 503, månadleg gj.sn: 15305

Retning: 50% inn og 50% ut.

Sjå vedlegg 2.

Vesleløyfti: Totaltal: 54304, dagl gj.sn: 464, månadleg gj.sn: 14124

Retning: 29% inn og 71% ut.

Sjå vedlegg 3.

2.1.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Skal ferdselsteljarane ha noko for seg, er det særstakt viktig å finne ei optimal plassering der det passerar berre ein og ein.



Montering ved Vesleløyfti

2.1.1 Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Flytte den nedste ferdselsteljaren ved Gjendesheim til Visdalens, i stien opp mot Galdhøpiggen for å få ein betre oversikt over kor mange som går denne vegen til og frå toppen.

2.2 Stitiltak

2.2.1 Kort om aktiviteten

Oppsynet går over dei mest brukna stiane tidleg på sommaren for å sjå kvar det er mest behov for strakstiltak og der det er behov for mindre utbetringar. Dette kan vere rensking av vassrenner, reparasjon av sperregjerde, utgraving av stien fram til Vettisfossen der den er rasa ut i løpet av vinter og vår. Dette kjem i tillegg til den årlege bestillingen frå Nasjonalparkstyret som gjeld prioriterte stitiltak som krev ein større arbeidsinnsats det enkelte år. Dette tiltaket blir utført av sherpaer frå Nepal under arbeidsleiing av oppsynet.



Stien til Vettisfossen blir gravd fram

2.2.2 Resultat

Besseggjensti: Restaurert vassrennene på stien ved Gjendesheim, og kanalisering ved bruk av sperremurar opp lia frå Memurubu.

Stien Memurubu - Bukkelægret: Kanalisering ved bruk av sperremurar m.m opp til toppen av Sjugurdstind.



Kanalisering ved Sjugurdstind

2.2.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Stor ferdsel i bratt terreng og mykje nedbør slit på mange stiar langt til fjells. Bruk av eigna stein til steinsetting og kanalisering kan vere ei utfordring. Å frakte Stein over lange avstandar med helikopter blir for kostbart.

2.2.4 Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Gå over dei mest brukne stiane tidleg på sommaren, og utføre mindre tiltak. Større tiltak: Utbetre og restaurere tidlegare tiltak på stien opp frå Visdalens mot Galdhøpiggen. Restaurere stien frå Fannaråken til Keisaren. Supplerande kavlelegging i Krossbuområdet.

2.3 Skjøtsel

Det vert utført årleg skjøtsel av det gamle kulturlandskapet i Utladalen og ved Gjendebu i samsvar med skjøtselsplanar. I heimre Utladalen starta skjøtselen opp i 1995 og ved Gjendebu i 2004. Mestparten av dette arbeidet blir utført gjennom tjenestekjøp frå Stiftinga Utladalen Naturhus og Storådalen beiteland. Det er i alt utført skjøtselsarbeid tilsvarande vel eit årsverk. SNO er arbeidsleiari for dette arbeidet.

2.3.1 Kort om aktiviteten

I heimre Utladalen er mykje av innmarka ved dei fem brukna Skåri, Avdalen, Flaten, Lauvhaugen og Vetti inngjerda. Her vert det nytta sau, storfe og hest til styrt beite det meste av sommaren. All inngjerda innmark blir slått etter beitesesongen. Utanfor den inngjerda innmarka blir fleire område med slåtteeng slått ein gong i juli. Gamle styringstre (alm, selje og lind) blir risa i februar/mars og unge almetre blir styva for å rekruttere nye. Attvekst og anna kratt blir rydda jamlegg. Langs vegen til Vetti blir det årleg tynna skog for å opne opp for utsyn til Utla, fossane og kulturlandskapet.

Ved vestenden av Gjende driv Storådalen beiteland aktiv beiting med storfe. I år var det 147 fe på beite. Etter tjenestekjøpsavtale med SNO driv dei styrt beite av det gamle seterlandskapet som er inngjerda, tidleg og seint på sommaren. I tillegg driv

dei hogst og krattrydding innafor dei inngjerda områda. I august vart det arrangert slåttehelg der forvaltar Kari, SNO og 13 frå beitelaget slo med ljå inne på seterkvea og ved det gamle fjøset ved Gjendebu. I tillegg er det styrt beiting med geit som blir leigd inn frå Øystre Slidre. Dette er eit samarbeid med verten Lars Åge Hilde ved Gjendebu som flytter dei rundt hele sommaren ved bruk av straumgjerde.

2.3.2 Resultat

Målet med skjøtselen er å opprethalde på ein best muleg måte eit kulturlandskap slik det såg ut den gongen det var gards- og seterdrift på 50- 60-talet. Dette verkar å fungere etter dei ressursane ein har til rådvelde.



Buføring av fjordfe til Utladalen



Fee på beite ved Vetti



Beitepussing i Vetti med den nye slåmaskinen



Rising av alm i Avdalens i februar



Almetrea i juli



Storfe og geit på beite ved Gjendebu



Fotografering av marinøkkel under slåttehelga ved Gjendebu i august


2.3.3 Utviklingstrekk og utfordringar

Det har vore ein god skjøtelses sesong trass i ein særskilt våt sommar. Beitedyra har gjort jobben sin sjøl om beite spesielt i Utladalen var dårligare i år skuldast regn og kaldt vær. Den nye slåmaskinen i Utladalen som SNO kjøpte inn i vår fungerte særskilt godt. Det er ein hard bruk av utstyr i eit såpass bratt og steinete landskap. I øvre Utladalen har det i fleire år vore ein avtale med Utladalen Sameige om skjøtsel i Guridalen og Skogadalsbøen. Dette vart ikkje utført i år grunna sjukdom og uhell.

2.3.4 Anbefalte oppfølgingspunkt neste år


Fortsette det gode arbeidet som har vore i gang i mange år.

Vedlegg 1



24.11.2017


1 / 2



24.11.2017


2 / 2

Vedlegg 2



13.10.2017


1 / 2



13.10.2017


2 / 2

Vedlegg 3



13.10.2017

1 / 2



13.10.2017

2 / 2

Statens naturopsyn

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01
E-post: post@naturopsyn.no | Nett: naturopsyn.no
Post: Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim
Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim

Miljødirektoratet er et statlig forvaltningsorgan underlagt Klima- og Miljødepartementet. Statens naturopsyn (SNO) er Miljødirektoratets feltpersonell.

SNO ivaretar nasjonale miljøverdier og forebygger miljøkriminalitet. Oppgavene spenner fra kontroll og overvåking, til skjøtsel i verneområder, tilrettelegging i viktige natur- og kulturminneområder, informasjon og formidling.

SNO har også mange oppgaver knyttet til store rovdyr, både registrering av bestander, dokumentasjon av skader på husdyr og tamrein, og uttak av dyr det er gitt fellingsstillatelse på. Ledelsen i SNO sitter i Trondheim, og vi har ca. 60 lokalkontorer spredt over hele landet.